



Inne for å lage Orion: Frå venstre Kristian, Fredrik, Tuva, Amalie, Camilla, Andrea, Ida Marie og Martin

I natt er det fullmåne og fri utsikt både til jorda sin drabant og myriadene av stjerner. Det er ingen vanleg situasjon på våre kantar og den gjorde det mogeleg for skulen å vidareføra eit heilt spesielt og facinerande opplegg - ein studie av himmelrommet. Det er fjerdeklassens 18 elevar som har delteke i studien. På den har dei brukt meir enn 10 timar over ein firevekers periode, og fleire klasser kjem etter. Først klokka 15 i går ettermiddag vart det gjeve klarsignal for operasjonen etter vurdering av vertilhøva



Ute for å sjå Orion: Frå venstre Hanna (foran), Thea, Caroline, Viljar, Marius, Sander, Iver Andre og Matias  
Lærarane Åse og Rannveig har stått for det pedagogiske opplegget, men i går kveld var også foreldra engasjert. Dei stilte opp på kjøkenet og laga kveldsmat til sine himmelvendte håpefulle som har vorte meir og meir hekta på temaet.

Klimaks vart nådd då dei frå sin posisjon på grusbana fanga inn månen då den kraup opp over skybanken som danderte Solfjell. Elevane stilte i kø for å sjå han gjennom ein kikkert utlånt av KVV. Den måtte det både eit trent auge og stort tålmod til for å mestre.

Sjølv om fullmånen skein hadde elevane inga problem med å finna kjente stjernebilete som Orion, Kasopeia, Dragen og Sjustjerna

Medan ein pulje av elevane var i aksjon ute var ein annan i klasserommet der dei laga modellar av Orion og simulerte meteornedslag.

Lærer Åse er ikkje i tvil om at elevane har fått mykje kunnskap gjennom studien. Ein DVD laga av supermannen på temaet Knut Jørgen og kona Anne Mette har verka som bensin på bålet.

Og for ordens skyld: Dette har ikkje vore ein pedagogisk utflukt basert på personlege interesser. Dette er rett og slett pensum.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen